

Kulturmidlar 2011 - løyvingar til festvalar/arrangement

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

- Frå teneste 5001 tilskot til lag og organisasjonar vert det løyvd følgjande tilskot til festivalar/arrangement

1	Balejazz	200 000
2	Gloppen musikkfest	100 000
3	Kinnaspelet	90 000
4	Kulturfestival - Norsk forbund for utviklingshemmede	80 000
5	Stiftinga Norsk Country Treff	50 000
6	Glopperockfestivalen i 2010	30 000
7	Stiftinga Målrock	50 000
9	Stiftinga Utkant	50 000
10	Krimfest Vest	30 000
	Sum	680 000

- Vilkår for utbetaling av tilskotet er at tiltaket vert gjennomført i samsvar med godkjende planar

Prenta vedlegg:

- Søkjaroversyn
- Retningslinene

Uprenta vedlegg:

- Søknadane

Saksframstilling

Tilskot til allmenne kulturføremål skal gå til kulturlivet i Sogn og Fjordane. Søkjarar er frivillige lag og organisasjonar, institusjonar og einskildpersonar. Søknadsfrist er 15. januar kvart år.

I denne saka vert det rådd til fordeling til festivalar og arrangement. I denne saka vert det handsama 9 søknadar om tilskot til festivalar og arrangement (musikk, teater, litteratur).

Fylkesdirektøren har mynde til å handsame søknadar administrativt. I tillegg til desse 9 søknadane, har vi motteke fleire søknadar til mindre festivalar og arrangement/tiltak som vil verte handsama administrativt.

Tilskota vert fordelt etter utarbeidde retningslinjer og dei føringar og prioriteringar som ligg i kulturstrategien for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Festival som kulturpolitisk satsing har fått stor merksemd, og staten har gjennom sin offensive festivalpolitikk motivert til denne typen arrangement. Nasjonalt vart det for 2011 sett av vel 32 mill kroner til festivalstøtteordning som vert forvalta av Norsk Kulturråd; jf informasjon på heimesida til Norsk Kulturråd:

”Fakta om festivalstøtteordningen

Tilskuddsordningen for støtte til musikkfestivaler har som formål å bidra til å opprettholde og videreutvikle festivaler på et høyt kunstnerisk nivå og profesjonelt nivå.

Musikkfestivaler er en viktig arena for musikklivet i Norge, og gjennom tilskuddsordningen vil Norsk kulturråd bidra til å gjøre musikk tilgjengelig for et bredt publikum og stimulere til kunstnerisk fornyelse.

Kulturrådet gir tilskudd til musikkfestivaler som arrangeres årlig eller annethvert år med minst to dagers varighet, og som mottar offentlige tilskudd fra egen region.

I fordelingen av midler, prioriterer Kulturrådet festivaler som

- *har offentlige konserter som sitt primære virkeområde*
- *har et styre som er ansvarlig for drift og en organisasjonsform som sikrer kontinuitet*
- *arrangeres årlig eller annethvert år*
- *mottar tilskudd fra egen region*

Festivalene vurderes ut fra de kvaliteter den enkelte festival kan vise frem. En rekke faktorer og kriterier har samlet sett ligget til grunn for tildelingen:

- *kunstnerisk profil*
- *program*
- *formidlingsevne*
- *publikumsoppslutning*
- *vilje til å ta ansvar for de respektive sjangeres utviklingsmuligheter*
- *vilje og evne til nytenking*
- *festivalenes rolle som tradisjonsbærere*
- *evne til langsiktig tenking*
- *kunstnerisk visjon*
- *festivalorganisasjonenes soliditet, effektivitet, stabilitet og profesjonalitet*
- *festivalenes betydning og forankring i egen region*
- *omfang*
- *distriktsbetydning*”

Ved Norsk Kulturråd si fordeling av festivalstøtte for 2011 er det løyvd midlar til følgjande festivalar i Sogn og Fjordane: Balejazz, Norsk Country Treff, Gloppen Musikkfest, Utkantfestivalen og Krimfest Vest.

I St.meld.nr. 21 (2007-2008) *Samspill. Et løft for rytmisk musikk* vert det lagt opp til endringar i dei statlege tilskota til det rytmiske musikkfeltet. M.a. vert fleire tidlegare tilskotsordningar gjort om til to nye ordningar; ei arrangørstøtteordning og ei ordning for musikarar. Også her vil det vere mogleg for ulike festivalar og arrangørar å søkje statleg støtte til sine arrangement.

Fylkesdirektøren har i si handsaming av søknadane lagt vekt på føringar frå kulturstrategien. Det vert elles vist til omtale om økonomi og generelle kriterier i sak til fordeling av tilskot til lag og organisasjonar som og vert handsama i dette møtet.

VURDERING

Det har dei siste åra dukka opp mange festivalar og mange gode arrangement. Dette medfører større press på tilskotsmidlane, og vi ser oss nøydd til å prioritere svært stramt. Festivalane søkjer om store summar som er uråd å oppfylle. Midlar frå nasjonale festivalstøtteordninga i Norsk Kulturråd medfører og ei forventning til lokal/regional medverknad. Kommunal/lokal økonomisk medverknad vert vektlagt ved vurderinga av søknadane.

Etter fylkesdirektøren si vurdering er det naturleg å leggje til grunn at tilskot til eksterne aktørar skal vere med og realisere fylkeskommunale mål og prioriteringar slik desse m.a. er uttrykt gjennom fylkesplanen og kulturstrategien. Frivillig innsats, dugnad, nynorsken sin stilling, m.m. er i fylkesplanen framheva som viktige verdiar ved Sogn og Fjordane. Dette er såleis viktige føringar for bruken av fylkeskommunale midlar. Fylkesdirektøren er også av den formeining at gode festivalar/kulturarrangement er viktige tiltak i omdømmearbeid for kommunar og fylkeskommunen. Festivalane si evne til eigen utvikling og samfunnsutviklande rolle vert vektlagt.

I denne saka har fylkesdirektøren rådd til at det vert gitt noko støtte til alle, og i alle deler av fylket. Tilskotet til dei fleste er på større nivå enn tidlegare. Sjølv om fleire av tilskota er av ein storleik som tilseier administrativ handsaming, ser fylkesdirektøren det likevel rett å legge desse fram for hovudutvalet då det er knytt stor politisk interesse desse fordelingane. Fylkesdirektøren føreset også at dei aktuelle kommunane bidreg med støtte til arrangement i eigen kommune. I tillegg føreset fylkesdirektøren at fylkeskommunen vert nemnd som støttespelar for arrangementa.

Fylkesdirektøren viser til vedtak i fylkestinget, FT-sak 53/06, som seier at føresetnadane for å få tilskot til lag og organisasjonar er at følgjekort for funksjonshemma vert akseptert. Fylkesdirektøren legg til grunn at organisasjonar og arrangørar med fylkeskommunale tilskot til sin aktivitet aksepterer denne ordninga. Vilkår for utbetalingane er at tiltaket er gjennomført etter oppsett plan og at vi har motteke rapport med rekneskap.

KORT OM DEN ENKELTE SØKJAR

1. Balejazz, Balestrand

Stiftinga Balejazz arrangerer i år Balejazz for 21. gong og har etablert seg om ein spennande og intim festival på nasjonalt og internasjonalt nivå. Omdømme som festivalen har fått, set Balestrand på kartet og er med å bygge opp under ein positiv profil for Balestrand. Festivalen baserer seg i stor grad på frivillige og dugnad. Balejazz er og ein arena for unge jazzentusiastar og er støtta av Norsk Kulturråd (kr. 150 000), Vestnorsk Jazzsenter og Balestrand kommune.

Inntektene er i hovudsak billettinntekter og sponsorinntekter, Fylkesdirektøren meiner det er viktig å følgje opp det arbeidet som er gjort med denne festivalen.

Søknadssum: kr. 250 000,-

Tilråding: kr. 200 000,-

2. Gloppen Musikkfest, Gloppen

Målet med musikkfesten er å produsere konsertar og arrangement på eit høgt kunstnarleg nivå. Kjenneteikn på festivalen er idealisme, entusiasme og ein intim atmosfære. Musikkfesten har ein sterk faglig profil og har gjennom 8 år skapt fine tradisjon og utvikla seg til å verte eit viktig arrangement for kommunen og regionen. Dei samarbeidar med lag og organisasjonar både lokalt og regionalt. Det vert lagt vekt på klassisk kammermusikk med innslag av andre sjangrar. Norsk Kulturråd har løyvd kr. 150 000 til festivalen i 2011. Fylkesdirektøren ser det som ønskeleg og viktig å utvikle festivaltilbod også innan klassisk sjanger i fylket

Søknadssum: kr 100 000,-

Tilråding: kr. 100 000,-

3. Kinnaspelet, Florø

Kinnaspelet har vore framført kvart år sidan 1985. Spelet vert gjennomført i samarbeid med Sogn og Fjordane Teater og det vert gjennomført med 2 framsyningar kvar dag og mange frivillige er med for å få dette til. Inntektene vert skaffa til veie gjennom billettinntekter, Flora kommune, div. sponsorar og fylkeskommunen. Dei største utgiftene er knytt til samarbeidet med Sogn og Fjordane Teater og publikumstransport. Kinnaspelet er eit av dei store kulturarrangementa i fylket, og har fått fylkeskommunal støtte i alle år.

Søknadssum: kr. 115 000,-

Tilråding: kr. 90 000,-

4. Norsk Forbund for utviklingshemma

Norsk Forbund for utviklingshemma arrangerer kvart år kulturfestival for menneske med utvikling. Festivalen starta opp for 23 år sidan, er unikt i nasjonalt samanheng. I kulturlova vert det peika på at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Gjennom denne kulturfestivalen vert det lagt til rette for kulturopplevingar og uttrykk for menneske med spesielle behov. Deltakarane deltek på ulike kurs med instruktørar med høg fagleg kompetanse. For mange er dette det einaste kulturtilbodet dei kan vere aktive deltakarar på i løpet av året. Gjennom Fylkessenteret sin innsats yter fylkeskommunen ein fagleg innsats til planlegging og gjennomføring av festivalen. Fylkesdirektøren ser på dette som eit viktig arrangement og tilrår fylkeskommunal støtte.

Søknadssum: kr. 110 000,-

Tilråding: kr. 80 000,-

5. Stiftinga Norsk Country Treff, Gloppen

Norsk Country Treff vart første gong arrangert i 1995. Utvikling og nyskaping står sterkt i festivalen sin organisasjon og festivalen har gradvis vakse til ein stor festival. Stiftinga Norsk Country Treff skal presentere dei mange ulike stilartane som går under sjangeren countrymusikk. Målet er å nå både unge og eldre tilhøyrarar og kunne vise kombinasjonar av det tradisjonelle og det nye innan countrymusikk. Norsk Countrytreff har fått kr. 100 000 i stønad frå den nasjonale festivalstøtteordninga i Norsk Kulturråd. For å følgje opp statleg tilskot til eit nasjonalt senter for countrymusikk har fylkestinget tidlegare løyvd kr. 500 000 i tilskot for 2011. Fylkesdirektør tilrår støtte til festivalen. Det vert forventa kommunal løyving

Søknadssum: kr. 100 000,-

Tilråding: kr. 50 000,-

6. Gloppen Musikkforum, Glopperock, Gloppen

Glopperock vart første gong arrangert i 1980 og er dermed ein av dei eldste rockefestivalane med kontinuerlig drift. Glopperock skal gje folk eit kulturtilbod innan rock, pop blues m.m. for folk i alle aldrar. Inntektene er billettinntekter, offentlege tilskot og sponsorar. Fylkesdirektøren meiner Glopperock har eit utviklingspotensiale, men tilrår tilskot til festivalen. Det vert forventa kommunal løyving.

Søknadssum: kr. 120 000,-

Tilråding: kr. 30 000,-

7. Stiftinga Målrock, Årdal

Målrockfestivalen vert arrangert i Årdal kvart år og er tufta på ideen om å synleggjere og fremje bruk av nynorsk og dialekt i rockemusikk og andre kunstformer. Målet er å gje rom for nye kunstformer under festivalen som å kunne bruke naturen i samspel med musikk og dialekt. Inntektene er basert på billettinntekter, sponsor og offentlege tilskot. Fylkesdirektøren tilrår tilskot til festivalen. Det vert forventa kommunal løyving.

Søknadssum: kr. 50 000,-

Tilråding: kr. 50 000,-

8. Stiftinga Utkant

Utkantfestivalen vart avvikla for fyrste gong i 2007, då som festramme kring avdukinga av monumentet av Kong Olav. Festivalen vart etter det vidareført av ei eiga stifting. UTKANT skal vere ein årleg musikk, kunst og kulturfestival og famne om eit mangfald av kulturelle opplevingar. Festivalen er med på å gje regionen eit godt omdømme og god marknadsføring. Inntektene er basert på tilskot frå offentlege tilskot, div. sponsorar og eigeninnsats. Norsk Kulturråd har støtta festivalen med kr. 100 000 i 2011. Fylkesdirektøren tilrår tilskot til festivalen. Det vert forventa kommunal løyving.

Søknadssum: kr. 100 000,-

Tilråding: kr. 50 000,-

9. Krimfest Vest

For 6. år på rad vert Krimfest Vest (tidlegare Krimfest Sunnfjord) arrangert i 2011. I tillegg til den årlege Krimfesten i Førde, vert det frå i år av lagt opp til krimkveldar rundt om i fylket. Krimfest Vest er ein litteraturfest med vekt på krim og spenningslitteratur. I tillegg til forfattarmøte, opplesingar og "bokbad" og bokkafear, vert det lagt vekt på debatt, seminar, m.m. Krimfesten har arrangement for ulike aldersgrupper, og har tett samarbeid med andre kulturinstitusjonar (bibliotek, teater, kino, forlag, m. fl.). Norsk kulturråd har løyvt kr. 50 000 i tilskot til Krimfest Vest i 2011. Fylkesdirektøren tilrår tilskot til festivalen. Det vert forventa kommunal løyving.

Søknadssum: kr. 50 000,-

Tilråding: kr. 30 000,-

KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren viser til omtale over, og rår hovudutval for kultur til å gjere vedtak i tråd med tilrådingane